



Morten Andre Torvund
Vardane 135
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7216 - 14/24429

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
07.11.2014

Manglande ferdigattest - bustad på gbnr 134/418 Hilland.

Vi viser til samtale per telefon vedkomande manglande bruksløyve/ferdigattest for bustad på gbnr 134/418.

Søknadsppliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest som vert skrive ut av plan- og bygningsstyremaktene når det ligg føre naudsynt sluttdokumentasjon og erklæring om ferdigstilling frå ansvarleg søkjar. Sluttdokumentasjonen skal visa at tiltaket er utført i samsvar med løyvet og bestemmelsar i eller i medhald av plan- og bygningslova. Tiltaket kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest. Bruk av bustaden utan at mellombels bruksløyve eller ferdigattest ligg føre vil såleis vera i strid med bestemmelsane i plan- og bygningslova og er å sjå på som eit ulovleg forhold. Det ulovlege forholdet kan rettast ved at det vert søkt om ferdigattest. Søknad om ferdigattest vil verta handsama etter gjeldande regelverk.

De bør ta kontakt med føretaket Villanger & Sønner AS som var ansvarleg søkjar for tiltaket, slik at dei kan søkja om ferdigattest og dokumentera at det ligg føre naudsynt sluttdokumentasjon.

Vi ber om tilbakemelding på vidare framdrift i saka innan 31.12.2014.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

